

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
25.01.2023

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen, Edvard Bjerkestrand, Gerd Marie Solheim, Inger Synnevåg, Rune Minde.

Varamedlemer: Linda Skålevik Syslak

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Torill Hordvik, Kine Lerøy, Arne Lerøy.

Møtte ikkje:

Saker til førehaving:

F – 01/22 – F – 04/22

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 01/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent.

F – 02/22 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Bjørn Helge Olsen og Inger Synnevåg

F – 03/22 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 07.12.2022

Vedtak:

Møteboka frå 07.12.2022 vart godkjent.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
26.01.2022

Tilstades på møtet

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen, Edvard Bjerkestrand, Gerd Marie Solheim, Inger Synnevåg, Rune Minde.

Varamedlemmer: Linda Skålevik Syslak.

Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland. Silje Hoaas.

Desse hadde meldt forfall: Torill Hordvik, Kine Lerøy, Arne Lerøy,

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 01/2023

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

Dette møtet var i sin heilskap eit arbeidsmøte, der vi arbeidde med soknet sine målsetjingar og satsingsområde. Som grunnlagsdokument til dette møtet hadde vi samla ei oversikt på dei svara som vart gitt på spørjeundersøkinga. Med oss på heile møtet hadde vi Silje Hoaas, som leia heile arbeidsøkta.

Som arbeidsreiskap brukte vi ei stor gråpaperremse, som var delt inn i 4 delar: 1 del med langsiktige målsetjingar og samledel for første utkast med gule lappar og 3 delar med mål og satsingsområde.

Soknerådet arbeidde først med umiddelbare ønskjer, satsingar, nøkkelord og målsetjingar. Alt dette vart så sortert og kategorisert. Så vart kvar kategori gått igjennom og arbeidd med kvar for seg.

Delområda vart delt opp i «kva vi vil» - dvs meir å sjå på som målsetjingar og «2 do»; kva vi skal:

Delområde 1: Barn og unge 0-25

«Vi vil»:

- Fremja tilhøyrsløse til kyrkja for barn og unge, at kyrkja skal vera viktig, skapa trygge møteplassar og liknande.
- Gjerna barna kjent med bibelforteljingane, gje ei trygg og varig barnetru og liknande.

«2 do»:

- Knøttekor
- Ungdomskor 15 -25
- Søndagsskule
- Treffstader
- Samlingar for barnebarn og besteforeldre
- Temakvelder
- Og så vidare....

Delområde 2: Diakoni: Støtte og omsorg – Open og inkluderande

«Vi vil»:

- Vera ei kyrkje for alle.
- Ivaretaking
- Meir himmel på jorda
- Ta vare på menneske i sorg
- Gje plass til dei store spørsmåla
- Hjelpa våre nye landsmenn
- Skapa fellesskap der du er sakna
- Vera aktuell for dei som er kyrkjeuvante

«2 do»:

- Sorggrupper
- Temakvelder/møtestader: om andre kulturar, invitera flyktningar og innvandrarak, om tru og tvil, psykisk helse og tru..
- Felles måltider på kyrkjelydshuset
- Bygdetreff
- Tilrettelagte gudstenester og bidra til at deltakarane også finn seg heime i dei ordinære gudstenestene.
- Innbydande våpenhus.

Delområde 3 – Sang og musikk.

«Vi vil»:

- Kyrkja som ein arena/verkstad for barn, unge og vaksne.
- Song og musikk for å få fleire til kyrkja.
- Meir bruka av kyrkja av frivillige kor/band.
- Breidde/vågal.

«2 do»:

- Knøttekor
- Forsongargruppa
- «Salmekor» ved enkelte gudstenester
- Allsangtreff, salmekvelder og gospelkveld.
- Invitera inn lokale (unge) musikarak til å delta.
- Bandtilbod til unge
- Meir samarbeid med songlag og seniorkor
- Demenskor?

Saka skal vidare opp på kyrkjelyden sitt årsmøte. Silje Hoaas vert med då også. Sak om kyrkjelyden sine målsetjingar og satsingsområde skal bankast igjennom som ei eiga sak på soknerådet sitt maimøte.